



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Fosse Fidjestøl, 5764 3156

## Krav om omgjerung av klagesak -byggesak - Lindås - 188/757 - Gjervik ytre - parkeringsvilkår til bustadblokka Knarvikparken - Kvassnesvegen 57

Vi viser til vedtaket vårt 15.08.2019 i sak 2019/8025, der vi som klageinstans avviste klager på vedtak om avvisning av klage på vedtak frå Lindås kommune 13.05.2019 om ferdigattest for parkeringsareal og klage på vedtak frå Lindås kommune 13.05.2019 om avvisning av klage på vedtak om næringsseksjonering for parkeringsareal.

I telefonsamtalar og ved brev dagsett 20.08.2019 ber de Fylkesmannen om å gjere ei ny vurdering av saka. De meiner at avvisninga av klagen er feil.

I e-post av 30.11.2019 ber de om å bli varsla om vår avgjerd i denne saka. Vi presiserer at Fylkesmannen gjorde endeleg vedtak i saka 15.08.2019. Det er difor ikkje klagerett på vårt vedtak av 15.08.2019, men ein kan be om at Fylkesmannen vurderer om det er grunnlag for å omgjere vedtaket, sjå nedanfor under «Regelverk». Sakshandsamingsreglane som gjeld enkeltvedtak kjem difor ikkje i bruk.

### Avgjerd

**Vi har vurdert kravet om omgjerung, men kan ikkje sjå at det er grunnlag for eit anna resultat i saka. Fylkesmannen tek difor ikkje kravet til følge, og vi står ved vedtaka dagsett 15.08.2019. Det er ikkje klagerett på denne avgjerda.**

### Regelverk

Etter forvaltningslova § 35 kan Fylkesmannen gjere om eige vedtak dersom endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser. Fylkesmannen kan også gjere om dersom melding om vedtaket ikkje har kome fram til vedkommande, og vedtaket heller ikkje er kunngjort offentleg, eller dersom vedtaket er ugyldig.

Avslag på krav om omgjerung eller ny vurdering vert ikkje rekna som enkeltvedtak, og kan derfor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova kapittel VI.

### Fylkesmannen si vurdering

E-postadresse:

[fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)

Sikker melding:

[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger

Statens hus, Kaigaten 9, Bergen

Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

[www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)

Org.nr. 974 760 665



De viser i dykkar merknad dagsett 20.08.2019 til at fylkesmannen i brev 04.04.2019 «*bad då kommunen ta opp att vår klage på ferdigattest m.v. for parkeringskjellaren i bustadblokka gbnr 188/757, Lindås kommune, sist handsama og avvist av kommunen i svar til oss 14.02.2019.*»

Vi viser til at brevet frå Fylkesmannen 04.04.2019 er eit brev der Fylkesmannen har sendt klagen vidare til rett instans, som er kommunen for handsaming i første instans. Når klager vert sende direkte til Fylkesmannen, vert desse sende vidare til kommunen for handsaming. Dette brevet er difor ikkje å forstå som eit pålegg om at kommunen skal ta klagen til realitetshandsaming. Brevet av 04.04.2019 har heller ikkje noko innhald som er i konflikt med vår stadfesting 15.08.2019, av kommunen sine avvisningsvedtak dagsett 13.05.2019.

#### *Avvisning på klage på seksjoneringsvedtaket*

Når det gjeld avvisning av klagen på vedtak om seksjonering av tiltaket, så vart vedtaket om seksjonering gjort 05.06.2018. Det går fram av saka at du først fekk underretning om vedtaket ved overtakingsforretninga, som var meir enn tre månader etter at vedtaket vart gjort. Fylkesmannen held fast på utgangspunktet, som går fram av vårt vedtak dagsett 15.08.2019:

*«Eit løyve til seksjonering fell innanfor omgrepet å «tilstå noen en rettighet». Klagefristen for andre er difor tre månader frå vedtaket vart gjort. Klagen motteken 20.02.2019 er difor komen inn etter klagefristen, og utgangspunktet er då at klagen skal avvist.»*

Tremånadersfristen gjekk ut 05.09.2018, så utgangspunktet er uansett at klagen er for seint komen inn, og berre kan handsamast dersom det vert gjeve oppreisning for klagefrist etter forvaltningslova § 31 første ledd bokstav b, etter ei vurdering av om det ligg føre særlege grunnar til at klagen blir prøvd. Fylkesmannen har vurdert vårt stadfestingsvedtak, og kome til at dette ikkje er ugyldig. Vi held difor fast på vedtaket vårt dagsett 15.08.2019 om stadfesting av avvisning av klage på seksjoneringsvedtaket.

#### *Avvisning av klage på vedtak om ferdigattest.*

De hevdar at det er feil at Fylkesmannen har lagt til grunn at de klaga 20.02.2019.

Brevet dykkar dagsett 09.01.2019 er utforma som ein merknad til søknad om ferdigattest, som også vart gjeven same dag merknaden kom inn. Vi kan ikkje sjå at dykkar e-post dagsett 30.01.2019 avbryt klagefristen for vedtaket om ferdigattest. Vedtaket om ferdigattest er ikkje nemnt her, og det framstår som korrespondanse kring seksjoneringa.

Vi har vurdert kravet om omgjerung, og kome til at vi held fast på vedtaket vårt dagsett 15.08.2019.

Dersom du meiner å ha lidd urett som følgje av vår handsaming, kan du kontakte Sivilombudsmannen. Eventuelle klager må vere sett fram innan eitt år etter endeleg avgjerd i saka, altså innan 15.08.2020. Sivilombudsmannen pliktar ikkje å ta saka opp til vurdering, men avgjer sjølv om klaga gjev tilstrekkeleg grunn til handsaming. Nærare opplysningar om framgangsmåten finst på [www.sivilombudsmannen.no](http://www.sivilombudsmannen.no), eller ved å ringje grønt nummer +47 800 800 39.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
fagdirektør

Jorunn Fosse Fidjestøl  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

**Mottakerliste:**

<b>ADVOKATFIRMAET VIKSE AS</b>	<b>Postboks 95</b>	<b>3101</b>	<b>TØNSBERG</b>
<b>SAMEIET KNARVIK TERRASSE</b>	<b>Kvassnesvegen 55</b>	<b>5914</b>	<b>ISDALSTØ</b>
<b>Nils Gullak Kvalvågnes</b>	<b>Kvalvågnesvegen 681</b>	<b>5956</b>	<b>Hundvin</b>
<b>Jorunn Haugen Kvalvågnes</b>	<b>Kvalvågnesvegen 681</b>	<b>5956</b>	<b>Hundvin</b>